

Avsendar	Merknad - forkorta	Kommunen sin kommentar
Grunneigarane med tilhørighet og eierskap til grunn i eller ved Berstadvatnet, ved advokatfirmaet Judicia DA. Olav og Turid Lesto 266/4 Finn og Bård Myrstad 266/7 Hans Berstad 266/6 Arthur Hole og Inger Johanne Hole 266/5 Sølvi og Herman Berstad 266/3 Arvid og Ann-Kristin Eltvik 266/2 Per Helge Helgesen og Line Vederhus 266/10 og 267/3 Terje Hatlenes 267/1 Lenke til merknad	I utgangspunktet er grunneierne ikke negative til at Berstadvatnet blir drikkevannskilde dersom det skulle være behov for det. I konsesjonssøknaden for uttak av vann til Berstad vassverk, er gjennomføring av vannverket sterkt knyttet til Stadt Skipstunnel med tilhørende industriområde, både i forhold til bruk av vannet og medfinansiering av tiltaket. Om Stadt Skipstunnel ikke blir bygd, og konsesjonen ikke blir benyttet, vil dette bli en unødvendig båndlegging og rådighetsinnskrenkning av en fornybar ressurs som grunneierne på Berstad i dag har råderetten over. Grunneierne ønsker at NVE tar med seg dette i vurderingen av konsesjonssøknaden, og eventuelle vilkår for en senere godkjenning av konsesjonen. De som bor på Berstad har i dag private vannverk, som er knyttet til elva som kommer fra Berstadvannet. Ved utbygging av Berstad vannverk og senere mulig tvangstilkobling til det kommunale vannverket, bør Stad kommune dekke tilkoblingsavgiften til grunneierne. Dette på grunn av eierforhold og tap av investeringer som tidligere er gjort av abonnentene. Kompensasjon til grunneigarar som vert berørt av ei eventuell utbygging av Berstad vassverk, blir på vanlig måte ei eiga sak, jf. Grunnloven § 105 med tilhørende lovverk og rettspraksis.	Tilhøve til temaplan for VAO 2023 - 2034; som synleggjer behov for reservevasskjelde, og at Berstadvatnet er ei aktuell vasskjelde. Det ligg inne i VAO-planen som eit Nivå 3 tiltak, dvs at det er eit framtidig behov som kan gjennomførast, men at det ikkje er naudsynt å gjennomføre i perioden planen gjeld for. Tilhøve til Stad skipstunnel; utløysande årsak til at arbeidet med konsesjonssøknad er byrja no, er at Stad skipstunnel-prosjektet treng vatn. Konsesjonen vil soleis blir nytta, uavhengig av Stad skipstunnel, men det er uklart når ein kan setje i verk utbygging, dersom skipstunnelen ikkje blir bygd. Tilkoplingsavgift: I Stad kommune er det vedteke eiga forskrift knytt til VA gebyr. Dersom kommunen overtek private anlegg kan kommunestyret i kvart enkelt tilfelle avgjere om det skal reknast inn ein rabatt i tilknytingsgebyret. Erstatning: Grunneigarar vil på vanlig måte få erstatning for tap av grunn/grunnerverv som følgje av ei utbygging av Berstad vassverk.
Per Helge Helgesen Lenke til merknad	Viser til at han og eigarar av gbnr 266/1 og 2, har fallrettar i Berstadelva opp til ca. 100 meter over havet og har planar om utbygging av kraftverk.	Kombinasjon med vidare kraftproduksjon; Med bakgrunn i tidlegare brev frå avsendar ved advokat Folkman etter møte 19.10.2023, vart det undersøkt om det kan vere opning for å etablere vassuttak til

Avsendar	Merknad - forkorta	Kommunen sin kommentar
	Peiker på at konsesjonssøknaden slik den er presentert inneber ei bandlegging og rådigheitsinnskrenking av ein fornybar ressurs som grunneigarane på Berstad i dag har råderett over, utover det som er naudsynt for å sikre behovet til reservevasskjelde til Selje vassverk. Meiner at utbygging av Berstad vassverk kan kombinerast med vidare kraftproduksjon og at verdien og moglegheita som ligg i eit samarbeid på dette området kan gje ei betre ressursutnytting av Berstadelva. Viser til at tiltaket gjev så store inngrep, at spørsmålet om kraftproduksjon bør vere med i vurderinga av tiltaket, og at dette vil gje større samfunnsnytte når ein først skal gjere denne type inngrep. Viser då til søknad til NVE saksnummer 202404852. Peiker på tilhøve mellom konsesjonssøknaden og Stad skipstunnel med dei planlagde industriområda, og at Stad kommune har kommunisert ut at ein ikkje vil bygge ut vassverket om skipstunnelen ikkje kjem (viser her til at tiltak er ikkje med i forslaget til økonomiplan dei fire neste åra). Han skriv vidare at det samfunnsmessige behovet for å få konsesjon med bakgrunn i behov for drikkevatn, difor ikkje verkar å ha prioritet frå kommunen si side. Han ber om at NVE tek omsyn til innspela gjennom å: - stille krav til at søkjar Stad kommune koordinerer sin konsesjonssøknad med vårt initiativ i området, eller at kraftutbygging inngår som ein del av søknadsprosessen vidare. - set frist for iverksetting av tiltaket slik at ikkje grunneigarane blir «gissel» knytt til uvissa med om og når Stad Skipstunell blir bygd. - eller på anna måte sikre ei koordinering av prosessane her slik at både omsynet til behov for drikkevatn og omsynet til produksjon av fornybar energi og grunneigarane sine rettar vert tatt i vare.	kraftproduksjon og/eller råvatn til næringsformål ut over det vassforbruket som er nødvendig til det nye vassverket. <u>Svaret</u> vi fekk var at NVE truleg ikkje vil gje konsesjon til fleire konsesjonærar på same vasskjelde/ strekning så lenge vassdraget er så lite som Berstadvassdraget, der vassmengdene er svært avgrensa. Det vert òg peika på at det er uheldig å ha to konsesjonærar på same vasskjelde med tanke på ansvarsforhold og eventuell oppfølging av anlegga. Ut frå samfunnsnytte, vil NVE prioritere ein konsesjonssøknad om vassuttak til drikkevatn framfor vassuttak til kraftproduksjon eller næringsformål. Prioritering av utbygging av vassverket, sjå merknadar ovanfor. Frist; Vi forstå ar det er vanskeleg med usikkerheita kring dette tiltaket, men sidan det òg er stor usikkerheit knytt til framdrifta i Stad skipstunnel prosjektet, så vi kan ikkje setje noko frist for iverksetting av tiltaket.

Avsendar	Merknad - forkorta	Kommunen sin kommentar
Vestland Fylkeskommune Lenkje til merknad	Har ingen innvendingar mot at løyve vert gjeve, under føresetnad av at det ikkje vert etablert nye vandringshinder og at vassføringa vert overvaka.	Teke til vitande
Mattilsynet Lenkje til merknad	Konkluderer med at det er svært viktig for leveringstryggleiken for eit stort geografisk område i ytre del av Stad kommune at det vert gjeve løyve til uttak av vatn slik at Berstadvatnet vassverk kan etablerast. Vi minner om at det må gjerast ei vurdering av om det er nødvendig med avbøtande tiltak for å sikre at vassuttaket ikkje får negative konsekvensar for populasjonen av aure og ål. Dei skriv òg at dei ventar at det blir høve til å uttale seg når det ligg føre meir detaljerte planar.	Teke til vitande
Statsforvaltaren i Vestland Lenke til merknad	Konkluderer med at tiltaket vil gje akseptable konsekvensar for naturmiljøet, og legg til grunn at tiltaket blir utført med minst mogleg nye varige naturinngrep.	Teke til vitande